



Bekymringsmelding - RUTINER

VIKTIG!

Alle som arbeider med barn har ansvar for at dei har det bra!

DU er kanskje den einaste som tør tale barnet si sak. TØR DET!

1. Meldeplikt.

Alle som arbeider i barnehage har meldeplikt etter barnevernlova § 6-4 og barnehagelova §22

2. Rutinar ved mistanke om omsorgsvikt

- Dokumenter det du ser, kor ofte det skjer og dato. Ta det opp med styrar og andre som arbeider nært barnet.

Barnehagane kan drøfte anonymt med barneverntenesta, ev tverrfagleg råd. Styrar skal alltid vere orientert om drøftinga, men er oftast med på denne.

- Pedagogisk leiar / styrar har samtale med foreldra og fortel om bekymringa.
- Ein skal ikkje gå med ei bekymring meir enn 3 veker før ein tek det opp med foreldra.

3. Foreldresamarbeid

HUGS

Alle foreldre vil borna sine vel - ta tidlig opp ei bekymring med foreldre, og få foreldre med på å melde.

Hugs også meldeplikta om foreldra ikkje er einige i å melde.

4. Seksuelle overgrep og vald

Ved mistanke om seksuelle overgrep og vald **frå** foreldre eller føresette, skal dei **IKKJE** varslast. Mistanke skal då meldast direkte til barnevernet, som igjen melder til politiet.

5. Bruk meldeskjema

Pedagogisk leiar har ansvar for utfylling av meldeskjema. Styrar skal skrive under. Dette finn du på Ørsta Kommune sine heimesider.

Skjemaet heiter Bekymringsmelding til barneverntenesta.

Derstom styrar og/eller pedagogisk leiar ikkje vil melde saka, har DU ansvar for å gjere det.

Dersom ein melder bekymring og saka vert henlagt, skal ein ikkje slutte å melde dersom bekymringa er der fortsatt.